

# Fagdag for nye folkevalde

Innleiing ved Liv Signe Navarsete




Statsforvaltaren i Vestland

06.02.2024



**statsforvaltar**  
Liv Signe Navarsete  
**ass. statsforvaltar**  
Gunnar O. Hæreid

stab





# Statsforvaltaren har oppgåver innan

- klima og miljø
- verneforvaltning
- samfunnstryggleik og beredskap
- landbruk
- verjemål
- bustadsosialt arbeid
- kommunedialog og kommuneøkonomi
- helse-, sosial og barnevern
- utdanning og barnehage
- planarbeid og byggjesak
- kongebesøk
- mykje anna



# Rollene til Statsforvaltaren

1. **Sektorstyresmakt** på ei rekke viktige område (for 13 departement og 10 direktorat og sentrale tilsyn)
2. **Regional samordningsstyremakt for staten**; dvs. statleg samordning og samarbeid overfor kommunane
3. **Rettstryggleiksstyremakt** som klageinstans og som **tilsynsstyremakt** m.a. på viktige velferdsområde
4. **Verka til gagn og beste for fylket og ta dei initiativ som krevst** som regjeringa sin representant for å utvikle fylket
5. **Halda sentrale styresmakter orientert** om viktige spørsmål i fylket og **formidla informasjon til kommunane om det som gjeld deira verksemd**



# Statsforvaltaren fører tilsyn

- Statsforvaltaren fører tilsyn på flere fagområde
- Tilsyn - kontroll av at lova vert følgd - opprette lovleg tilstand
- Mål om læring i kommunen og forbetring av tenesta = «tilsyn som verkar»
- Hendingsbaserte tilsyn
- Planlagde tilsyn
- Statsforvaltaren samordnar alt av statlege tilsyn
- Dette for at kommunane ikkje skal bli overbelasta
- Tilsynskalenderen



# Statsforvaltaren bidreg fagleg i kommunane

*Kvifor?*

For å sikre kvalitet i tenestene

Innarbeide nye regelverk og pålegg frå storting og regjering

Sikre rettstryggleik til innbyggjarane

*Korleis?*

Nettverk på ulike fagområde

Fagsamlingar

Webinar

Rettleiing til enkeltkommunar



# Møte i folkevalde organ er opne – kommunelova § 11-5

- Gjeld også om ein kallar møtet noko anna (og dessutan i «pausar»), så lenge deltakarane er dei same som eit folkevald organ og det er drøfting av eller orientering om saker som hører under organet
- Skal likevel lukke den delen av møtet (ikkje heile) som gjeld:
  - tenestelege tilhøve
  - teiepliktige tilhøve
- Kan lukke del av møte dersom
  - personvern
  - tungvegande offentlege interesser og det vil kunne kome fram opplysningar som kan takast unna frå innsyn dersom dei går fram av eit dokument



# Kommunale vedtak skal ha grunngjeving - forvaltningslova § 24

- Grunngjeving vil gå fram av tilrådinga frå kommunedirektøren
- Gjeld også der folkevald organ kjem til anna konklusjon enn tilrådinga frå kommunedirektøren – kan då be om hjelp frå kommunedirektøren til å utforme grunngjeving



# Arealplanlegging, miljø og landbruk i kommunane

Kommunaldirektør Nils Erling Yndesdal

Miljødirektør Kjell Kvingedal

Landbruksdirektør Christian Rekkedal



Statsforvaltaren i Vestland




06.02.2024

# Stort fylke – varierte behov



- Å Vestland - Vestland...
  - Svært ulike utfordringar i ulike kommunar
  - Frå presset i Bergensområdet til utkantskommunar med fråflytting
  - I same kommune kan det vere både pressområde og bygder med fråflytting
  - Ulike politiske prioriteringar
  - Arealforvaltning = politikk
- Nasjonale forventningar (72 stk) ← → Kommunalt styre
  - Berekraft, nasjonale klima- og miljømål og jordvern
  - Lokalt folkestyre står sterkt
  - Verdiskaping og busettnad i heile landet
  - Differensiering ut frå lokale behov og kommunalt styre
  - Staten si oppgåve → Ta vare på nasjonale og vesentlege regionale interesser



# Plansystemet





# Kommunen sitt ansvar som planstyresmakt



Foto:

- må sjølve tar ansvaret de har som planstyresmakt
- må syte for at omsyna i nasjonal politikk vert varetekne i planar og vedtak
- må òg ta omsyn til viktige regionale verdiar når saker skal vurderast lokalt
- kan gjennom god areal- og samfunnsplassering, og innanfor nasjonal og regional politikk, sjølv styre utviklinga



# Statsforvaltaren - roller på planområdet

- Syte for at nasjonale og viktige regionale interesser blir varetekne
- I samarbeid med fylkeskommunen rettleie kommunane (m.a. om lovpålagde krav i planprosessane)
- Samordne statlege motsegner (deleget frå KDD) – dialogmøte
- Sjå til at kommunane oppfyller plikta til planlegging etter lova
- Mekle i plansaker dersom uløyste motsegner (deleget frå KDD)

# Oppdrag i styringsdokument for 2024 til Statsforvaltaren



- Nasjonale og viktige regionale interesser - generelt
- Samfunnstryggleik
- Klima- og miljøomstsyn
- Bustadsosiale omsyn inkl. at born og unge bur trygt
- Folkehelse
- Arealutnytting i byar og tettstader
- Strandsone, kystnære sjøområde, fjell og utmark
- Landbrukets arealressursar inkludert jordvern
- Bruk og ombruk av arealressursar



# Samordning av statlege motsegner

- Delegering frå departementet (KDD) til statsforvaltarane
- Målet med samordninga er å effektivisere planhandsaminga, få betre planar og vidare unngå unødvendige motsegner
- Statsforvaltaren inviterer til dialogmøte dersom motsegner frå regionale statsetatar eller potensielle motsegner frå Statsforvaltaren sjølv
- Statsforvaltaren har høve til å avskjere statlege motsegner
- Gode tilbakemeldingar om ordninga – minst ei halvering av reelle motsegner



<b><u>Statistikk som gjeld motsegner frå Statsforvaltaren</u></b>	<b>2020 Vestland</b>	<b>2021 Vestland</b>	<b>2022 Vestland</b>	<b>2023 Vestland</b>
<b>Planar med motsegner (etter ev dialogmøte med kommunen)</b>	<b>32</b>	<b>23</b>	<b>28</b>	<b>22</b>
<b>Planar tilmekling</b>	<b>9</b>	<b>11</b>	<b>5</b>	<b>11</b>
<b>Planar sende til endeleg avgjerd i KDD</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>0</b>




# Om regelverket for dispensasjon

- Kommunen kan gje dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av plan- og bygningslova, mellom anna vedtekne planar, plankrav og byggje- og deleforbodet i strandsona (§ 1-8).
- For å kunne gje dispensasjon må to lovbundne krav vere oppfylte:
  - kan ikkje sette omsyna bak føresegna det blir dispensert frå, føremålet med lova, regionale eller nasjonale interesser vesentleg til side
  - fordelane med å gje dispensasjon må vere klart større enn ulempene
- Før kommunen gir dispensasjon skal m.a. Statsforvaltaren få høve til å uttale seg til søknaden. Vi har ikkje ei plikt til å gje fråsegn til alle saker om dispensasjon, og vi kan avtale eigne rutinar med kommunane.
- Statsforvaltaren kan klage på kommunale enkeltvedtak om dispensasjon.



<b>Statistikk som gjeld høyring av, og ev klager på, dispensasjonsvedtak</b>	2020	2021	2022	2023
<b>Dispensasjonssaker på høyring hos Statsforvaltaren</b>	1698	2260	2185	1917
<b>Dispensasjonsvedtak til klagevurdering hos Statsforvaltaren</b>	1756	2158	2319	1905
<b>Tal saker der Statsforvaltaren klager på det kommunale vedtaket</b>	104	120	154	76
<b>Strandsone mot sjø er hovedtema</b>	56 %	60 %	73 %	74 %
<b>Jordvern/landbruk er hovedtema</b>	27 %	19 %	20 %	18 %





# Bakgrunnen for at Statsforvaltaren har gjort forenklingar i dispensasjonssaker

- Få ned ressursbruken på dispensasjonssaker internt i embetet – og helst også i kommunane.
- Få frigjort kapasitet til rettleiing og støtte for kommunane, mellom anna om rammene om dispensasjonar og plansystemet som styringsverktøy.
- Sikre ei differensiering mellom pressområde og område med svak eller negativ utvikling i folketalet.



# Forenkling i dispensasjonssaker – nye rutinar hos Statsforvaltaren frå 2024 (prøveordning)

- Statsforvaltaren legg til grunn at kommunane som ansvarleg planstyretema tek ansvar for grundig og korrekt handsaming av dispensasjonar.
- Vi ønskjer som hovudregel ikkje å få tilsendt saker på høyring.
- Dersom kommunen er usikre på regelverket eller fagkunnskapen om området, kan de uansett sende enkeltsaker på høyring til oss.
- Av omsyn til klagevurdering ber vi om å få tilsendt alle vedtak (med visse unntak) der kommunen gir dispensasjon, samtidig som vedtaket vert sendt til søker.



# Berekraftig utvikling

Klimakrisa forsterkar naturkrisa

Vi er god på økonomi og velferd,  
dårleg på utslepp og forbruk,

-4,6 % kutt i klimagassar sidan 1990

2,4 % av økonomien vår er sirkulær

21 % av cirka 5000 norske artar står på  
raudlista – samla naturindeks <0,5

20 000 hytter i villreinområda

Arealbruk er ein årsak – Norge i rødt,  
hvitt og grått – folk bryr seg

Bygge berekraftige samfunn






# Nasjonale miljøverdiar

Vi har vårt handlingsrom mellom nasjonal politikk og lokalt sjølstyre og er regional miljømyndigstyresmakt

- Rettstryggleik er viktig både for menneske og natur
- Miljøkommunen er viktig
- T-2/16 – Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis





# Rettleiing

T-5/98 *Kommunens myndighet og plikter etter forurensningsloven*

Statlege planretningslinjer og rundskriv

Miljødirektoratets sider for myndigheiter

Webinarserie – Forureiningsveka og Naturmangfaldveka og Planveka

Klimaomstillingskonferansen i Sogndal

Kunnskapsarena for klima og natur i planlegging

Direkte kontakt

Kommunebilde



# Naturmangfaldlova og forureiningslova

Like miljørettsprinsipp - §§ 8 til 12

Godt nok opplyst, krav til søknad


Kunnskap om miljøtilstanden

Føre var-prinsippet

Økosystemtilnærming og samla belastning


Kostnadar ved miljøforringelse skal berast av  
tiltakshavar, forreinar skal betale

Miljøforsvarlege teknikker og driftsmetodar, best  
tilgjengeleg teknologi





## 17 SAMARBEID FOR ÅNÅMÅLENE



# Viktige miljøtema

Anten som eigen kommunedelplan  
eller integrert i kommuneplanen:

Naturmangfald

Vatn, avlaup og overvavn

Vassforskrifta

Klima og energi

Nullvekstmålet og effektiv areal bruk

Avfall




Foto: Magnus Johan Steinsvåg

# Kommune(del)plan for naturmangfold

50 millioner - frist 11. februar  
Revisjon av tidlegare planar - planvask  
Ny tilskotsordning for tiltak innan naturmangfald - 10 millionar - april  
11 av 43 kommunar har søkt dei siste åra  
Oversikt over naturverdiar



# Kommune(del)plan for vatn, avlaup og overvatn

Kommunen som forureinar og  
forureiningsmyndighet

Løysing i samsvar med nasjonale  
reinsekrav


Sjølvkostfinansiering i eigen lov

Kvalitet på stikkleidningar og separate  
avløpsanlegg

Tilsyn ved slamtøming

Vassforskrifta og tiltaksplan

Nye reinsekrav



# Akvakultur, areal og miljøutfordringar

Ivareta miljøverdiar i planlegging av fjordområder

Plan vs. sektorlov

Interkommunalt plangrep

Hensynet til naturmangfald og vasskvalitet

Nytt forureiningsregelverk – frå utsleppsløyve til forskrift - tilsyn





# Kommune(del)plan for klima og energi

Klimatiltak, klimarekneskap og klimabudsjett

Inn i styringssystem som økonomiplan og handlingsdel – forankring er viktig

Interkommunalt samarbeid og nettverk – kompetanse og kapasitet



# Nye avfallskrav

70 prosent materialgjenvinning av bygge og anleggsavfall

Massehandtering er ei utfordring

Nye krav til emballasje

Auka bruk av sekundære råvarar

Utsortering av matavfall

Fleier søknadar om biogassanlegg

Kildesortering av tekstilavfall



# Nye verneområde

Samarbeid med kommunane før oppstart

Orientere kommunestyra

Lokal aksept anten frå kommunane eller  
grunneigarar

3 nye nasjonalparkar, 2 utvidingar, 1  
endring

32 supplerande vern + frivillig skogvern

Kunnskap og variasjon i livsmiljø

Dialog med kommunar, grunneigarar,  
natur- og friluftsorganisasjonar

Verneforslag til handsaming




# Landbruksoppgåver

## Forventningar av tilskot og regelverk

- Førstelinje for støtteordningane i landbruket
  - Hovudsakleg statlege midlar → minimalt lokalt skjønn
  - Også noko lokale midlar → kommunale prioriteringar  
Miljø, beitebruk, skogbruk
- Årleg brev med oversikt på oppgåver og tildelingar
- Regelverk etter jordlova, skoglova og konsesjonslova  
+ forskrifter om nydyrkning og landbruksvegar

## Næringsutvikling og anna utvikling i kommunen

- Skal førebu saker til Innovasjon Norge
- Legge til rette for anna landbrukstilknytta næringsutvikling
- Landbruk + bygdeutvikling = Sant
- Arealressursane er grunnlaget for landbruket
- Jordvern = Ressursforvaltning og næringsutvikling





# Jordvern → ei veldig viktig oppgåve

## Jordlova § 9 om omdisponering


- *Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon.*

## PBL med tilhøyrande føringar → viktigaste regelverket

- LNF skal ta vare på landbruk, natur og friluftsinteressene
- Jordvern er ei prioritert nasjonal interesse

## Planlegging av spreidd bygging

- Rettleiar frå mai 2020:
  1. Bustadområde med regulerte bustadfelt i bygdene – der det er grunnlag for det.
  2. Område til spreidd bustad-, fritids- og næring – der det er grunnlag for det..
  3. Viss det ikkje er grunnlag for LNF-spreidd, kan ein løyse dette som enkeltvise dispensasjonar. (Med retningsliner)






# Nasjonale jordvernål og resultat

## Nasjonale jordvernål:

- 2015 → maks 4000 daa/år innan 2020  
(360 daa i VL)
- 2021 → maks 3000 daa per år 2025  
• (270 daa i VL)
- 2023 → maks 2000 daa innan 2030  
(180 daa i VL)

Kommunenr og namn	Alt jordbruks-areal AR5, dekar 2020	Jordvernål per kommune, Etter alt jordbruksareal. AR5-tal Dekar/år
4647 Sunnfjord	103 305	18
4631 Alver	87 672	15
4621 Voss	65 021	11
4617 Kvinnherad	45 718	8
4649 Stad	44 599	8
4644 Luster	43 610	8
4650 Gloppen	40 046	7
4651 Stryn	39 812	7
4640 Sogndal	36 708	6
4601 Bergen	31 097	5
4611 Etne	30 609	5
4602 Kinn	30 151	5
4612 Sveio	30 062	5
4624 Bjørnafjorden	27 849	5

Omdisponering av dyrka jord i Vestland 2005 - 2022




Altså:

- Jordvernållet er svært ambisiøst
- Over tid har omdisponeringa gått ned, men ikke nok
- Denne utfordringa må vi løyse i lag



# Omdisponering etter kva lovverk?




## Kostra-rapport 2022, L-dir:

- PBL = regulerte område, sentrum, veganlegg o.l.
- Jordlova = utanfor regulerte område
  - Til andre føremål enn jordbruk
  - PS: Bustadhus på gardsbruk, driftsbygningar og jordbruksvegar er ikkje med → = «jordbruk»



# Omdisponering til kva føremål?



Figur 6: Omdisponert areal dyrka jord fordelt på formål i 2022.

## Kostra-rapport 2022, L-dir:

- Dette viser fordeling nasjonalt
- 38% til samferdsel
- 23% til bustad
- 11% til anna næring
- Berre (?) 4% til offentleg eller privat tenesteyting
  - Så ikkje skuld på barnehagar, skular og sjukeheimane...

# Kjenner vi oss att i dette? Ja, dessverre...



Figur 3-18: Dagsona på Bruland sett frå søraust (Ill.: Multiconsult / Statens vegvesen).


- Gamle synder: overdimensjonerte parkeringsplassar på flat jord...
- Ein busstopp til ein stoppestad som ikkje ein gong står i rutetabellen...
- Og ei heilt fersk synd: Ei rundkøyring på 40 dekar av den beste jorda...

# Og kva med alle småtomtene i bygdene?



- Spreidd bygging på fjellgrunn og dårlege jordbruksareal
- Mykje unytta restareal  
→ arealsløsing  
→ dyr infrastruktur
- Kanskje ikkje primært eit jordvernproblem?
- Skil vi for lite mellom godt og mindre godt jordbruksareal?
- Busetnad er viktig i bygdene, men gjer vi det på beste måten?

# Så korleis kan vi ta betre vare på den beste jorda?



## Nokre råd og forventningar

- Behovsvurdering og arealrekneskap
- Vi må ta betre vare på dei grøne områda
- Differensiering sentrum – bygder
- Vi må snakke meir saman ..

## Arealrekneskap → grunnleggande kunnskap (Til liks med økonomisk planlegging)

- Kva treng vi av areal for å gjennomføre planen?
  - Til ulike føremål?
  - På kort og lang sikt?
- Kva har vi av areal i den eksisterande planen?
  - Kor mykje av dette skal vidareførast i ny plan?
  - Kor mykje av dette skal tilbakeførast til LNF?
- Kor mykje nytt areal treng vi?
  - Kvar?
  - Utnyttingsgrad til ulike føremål og i ulike område?
  - Utbyggingsrekkefølgje?
- Planfaglege omsyn – må henge logisk sammen
- Det er lov å vere optimistisk – men ikkje å sløse... ☺

# Spørsmål?



Statsforvaltaren i Vestland

Facebook @SFVestland  
Twitter @SFVestland  
LinkedIn @SFVestland

Abonner på nyhende [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)

